



Likelydande brev til DN, KLIF og FKD

## **Effektiv og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til begjær**

Vi syner til Direktoratet for naturforvaltning sitt brev av 9. mai i år med ynskje om moment til eit samla høyringsbrev frå Miljøverndepartementet. Dette er òg vårt høyringssvar direkte til Kyst- og fiskeridepartementet.

---

*Fylkesmannen i Rogaland har lenge etterspurt ein meir langsiktig og heilskaplig styringsmodell for akvakulturnæringa, og meiner at mange gode og gjennomtenkte svar ligg i Gullestadrapporten.*

*Likevel vil vi påpeike at rapporten manglar kobling mot vassforskrifta sine krav til god økologisk tilstand i fjordane, og er lite konkret om behovet for oppdatering av MOM-systemet. Rapporten har også manglar med omsyn til bærekraftindikatoren for genetisk påvirkning og tiltak mot tap av genetisk variasjon i villaksstammene.*

---

### **Regionalt bakteppe**

Akvakulturnæringa er ei viktig næring i fjordane i Rogaland. Dei seinare åra har forvaltninga av næringa vore lite forutseieleg og ofte prega av ad hoc-løysningar. Sjukdomssituasjonen (PD) har ført til høge tapstal for næringa, og sannsynligvis til auka utslepp av organisk stoff frå dei sjukdomsamma anlegga. Resistens mot dei mest brukte lusemidla har spreidd seg raskt. Manglande koordinering over tid og problem med effektiv avlusing av store anlegg kan ha framskynda resistensutviklinga. NIVA si overvaking av sukkertare indikerer at bæreevna for suspendert stoff kan være overskriden i deler av Ryfylke-/Boknafjordbassenget.

Gullestadutvalet presenterer i rapporten to hovedtiltak for å oppnå ei meir bærekraftig akvakulturnæring: Inndeling i produksjonsområder og etablering av bærekraftindikatorar. Det er i hovudsak desse to vi vil kommentere.

### **Inndeling i produksjonsområde**

Dette er eit viktig tiltak for langsiktig bærekraft for næringa. Første steg på vegen mot inndeling i produksjonsområde er alt tatt i Rogaland, jf Mattilsynet sitt framlegg til soneforskrift mot lus i Ryfylke. Vi legg derfor ved vår høyringsuttale til forskrifta, sendt Mattilsynet 01.06.2011.

Brakklegging vil skje annakvar vår, og kan derfor auke årsklassevariasjonar i sjøaurebestandane. Vi reknar likevel med at tiltaket i all hovudsak vil slå svært positivt ut for både for villaks og sjøaure.

Det har i mange år versert forskjellige forslag til soner både for felles brakklegging og for begrensing av biomasseauke. Problemet har vore at:

---

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 51568700	e-post:	Telefon:
			postmottak@fmro.no	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 44	Telefaks:	Hjemmeside:	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	51568811

- sonene har vore for små
- grensetrekkinga har vore vilkårlig (ikkje basert på straum eller naturlige geografiske skilje)
- det har vore usikkert kva som er tilstrekkelig brakkleggingstid og når på året denne bør være
- tiltaka har i stor grad vore frivillige, og har ikkje involvert alle i næringa

Vi ser derfor svært positivt på Gullestadutvalet sine relativt klare tilrådingar for sonestorleik og avgrensing.

Vi reknar med at ei naturleg fylgje av inndeling i produksjonssoner etter kvart vil bli ei samling av anlegga innanfor utsettsoner (rapportens pkt 5.7 og 10.4). Utsleppsløyvene etter forureiningslova § 11 regulerer i dag maksimalt tillaten produsert biomasse (MTB) ved det enkelte anlegg. Når sonesystemet blir innarbeidd, vil behovet for ei anna type regulering vakse fram. Anlegga vil ligge meir samla og utsleppa også vil bli meir konsentrert i tid. Dette kan særleg bli merkbart om sommaren, ved høge sjøtemperaturar.

Ei løysing kan vere eit felles biomassetak pr utsettsoner/”cluster” eller pr resipient/fjordssystem. Korleis dette skal gjennomførast i praksis krever betre kunnskap om straum og topografi i fjordane (jf. pkt. 10.1-10.3).

Ein ny struktur vil også medføre nye muligheter for **miljøovervaking av resipienten** (pkt. 10.18). Vi har sett døme på at botnundersøkingar berekna for å planlegge drifta ved einskilde anlegg (MOM-B) blir brukt som haldepunkt for miljøtilstanden i heile fjordssystem (sjå td. Fisken og havet, særnummer 3-2010). Heller ikkje MOM-C er omfattande nok til å kunne sei noko om heile resipienten, i og med at det er krav om svært få prøvetakingspunkt og i praksis kun ein biologisk parameter (blautbotnfauna). MOM-metodikken er ikkje egna til å sei noko om resipienten sin tilstand. Sidan nasjonale overvåkingsprogram så langt omfattar lite av kysten vår, er kunnskapen om fjordmiljøet på Vestlandet (kanskje med unnatak av Hardangerfjorden) svært mangelfull. Utvalet er så vidt inne på problematikken på rapportens siste side, men her står det mykje arbeid att.

### **Eit sjølvregulerande system med handlingsreglar basert på bærekraftindikatorar**

Aktuelle foreslegne indikatorar er produksjonstap, lakselus (på oppdrettslaks eller sjøaure?) og oppdrettslaksen si genetiske påvirkning på villaksstammane.

Staten sine signal med omsyn til vekst i oppdrettsnæringa har så langt har vore sprikande. På eine sida er det ei sterk forventning om eksportauke. Samtidig blir ambisiøse bærekraftmål trukke fram. Gode og faglig forankra handlingsreglar kan konkretisere bærekraftmåla og sikre stabile utviklingsrammer for havbruksnæringa.

Med omsyn til føreslegen **bærekraftindikator for genetisk påvirkning**- oppdrettsfisk i elv i gyteperioden – kan ein sjølv sagt ikkje basere seg på metodikk som ikkje omfattar andel hybridar. Den valgte indikatoren må omfatte omfang av innkryssing. Den økologiske verknaden av innkryssinga kan være vanskelig å talfeste på kort sikt. På lengre sikt må det likevel være eit mål at bærekraftindikatoren skal kunne kvantifisere tap i tilpassingsevne/levedyktighet grunna hybridisering med oppdrettsfisk. Vi viser til metodikk i HI/NINA-rapport 726. Basert på ”påvirkar-betalar”-prinsippet i naturmangfoldlova § 11, burde det være mulighet for finansiering av overvåkingsdelen.

Vedrørende føreslege tiltak- **utsortering i elv basert på ytre kjenneteikn**- er det som kjent oppdrettslaks som rømmer i tidleg livsfase som har best gytesuksess. Denne oppdrettsfisken er (trass i at det motsette ofte vert hevda) svært vanskelig å skilje frå villfisk på visuelt grunnlag. Dersom utsortering i elv skal være eit effektivt tiltak er ein derfor avhengig av at oppdrettsfisken er merka. Det er etter vår oppfatning ikkje tilstrekkelig med fettfinneklipping, fisken må kunne sporast tilbake til anlegget den har rømt frå. Vi er skeptiske til at næringa sjølv skal ha ansvar for å organisere og gjennomføre gjenfangst i elva. Utvalget sitt syn på næringa som ei samla ”drivkraft for bærekraft” (jf. pkt. 10.20) er ikkje realistisk. Næringa består av aktørar med sterke eigeninteresser. Utan å kunne spore den rømte fisken tilbake til produksjonsanlegget har vi lita tru på at organisert gjenfangst kan skje i større skala.

Gjenfangst i elv er uansett kun eit hastetiltak for å redde svært utsette bestandar. Det krevst andre løysingar for å sikre langsiktig bærekraft i næringa, td. bruk av steril oppdrettslaks.

Sjølv om vi forstår at det er laksen som må ha sterkest fokus, vil vi påpeike at akvakultur også medfører fare for tap av lokale tilpassingar for marine artar, som td. kysttorsk og leppefisk.

Utover dei bærekraftindikatorane Gullestadutvalet foreslår, trengs det også ein indikator for økologisk tilstand i fjordane. Den bør knyttast direkte til klassifiseringssystemet i vassforskrifta. Innslagspunktet for handlingsregelen blir då reduksjon frå god til moderat økologisk tilstand (eller frå svært god tilstand til god) jf. vassforskrifta § 4 (miljømål for overflatevatn). Med tanke på at endingar i økologisk tilstand i marine økosystem kan være uviss og vanskeleg å snu, må også naturmangfaldlova sitt føre-var-prinsipp (§ 9) stå særleg sterkt.

Fylkesmannen etterlyser derfor ein faglig kvalitetssikra overvakingsmetodikk for akvakultur som er egna til å vurdere om vassførekomsten som heilskap har god økologisk tilstand. Dette kan innebære at eit cluster har felles overvakingsprogram som omfattar botndyrundersøkingar (dersom anlegget ligg over blautbotn), makroalger og evt. strandsoneundersøkingar.

- kan brukast som støtteparamtere dersom prøvetakinga skjer over tilstrekkelig lang tid

Analyse- og vurderingsmetodar må ha tilstrekkelig presisjon til at vi kan drive forvaltning av fjordane i tråd med vassforskrifta og naturmangfaldlova. *I eit sjølvregulerande system er utførar sin faglige uavhengighet avgjerande. Alle data må være offentlige slik at resultat kan etterprøvast.*

I tillegg til soneinndeling og handlingsreglar basert på bærekraftindikatorar, listar rapporten opp ei rad andre gode tiltak. Vi har ikkje funne det tenleg å ta for oss alle, men vil ut frå erfaring og regionale tilhøve få kommentere:

### **10.7 Behov for kriselokalitetar**

Det fins mange godkjende lokaliteter i beskytta fjordområde som ikkje er egna for dagens storskala-anlegg. Vi tiltår at desse vert inndregne som permanente lokaliteter. Ein del av dei bør omdisponerast til kriselokalitetar.

### **10.19 Prioritere søknader om etablering/utvidelse av settefiskanlegg**

Av smittevernomsyn må kvar produksjonssone vere sjølvforsynt med settefisk. På grunn av mengda matfisklokaliteter og avstandskrav, fins det ikkje mange nye område som er egna for settefisk eller stamfisk. Dette kan føre til utsett av smolt med dårlig kvalitet. Derfor er forslaget om å bremse veksten til den nye strukturen er innført ekstra viktig, jf. pkt. 10.15.

Etterspurnaden etter smolt vil også bli konsentrert i tid. Dette kan gi ytterligere press om etablering/utviding av slike anlegg i nasjonale laksefjordar. Beskyttelsesregimet for nasjonale laksefjordar i St. prp. 32 (2006-2007) har såpass vage dokumentasjonskrav av det er vanskelig å drive praktisk forvaltning i tråd med intensjonen. Td. er det, trass i krav om dobbel rist på avløp, langt igjen før landbaserte anlegg kan reknast som rømmingssikre. Vi har sett lite dokumentasjon på at situasjonen er betra etter at skjerpa bestemmelsar for settefiskanlegg vart innført.

**10.23 Rettleiar for planlegging** – Vi har sett fleire havarete konsekvensutgreiingar innanfor akvakulturfeltet dei siste åra. Dei har påført næringa kostnader utan å tilføre ny kunnskap eller betre beslutningsgrunnlag for forvaltninga. Dersom ein skal gi seg i kast med fleire forsøk på utgreiingar etter plan- og bygningslova må føringane vere faglig sterke, svært konkrete og mykje betre tilpassa problemstillinga enn dei har vore fram til no. Ved rettleiing av kommunane må det dessutan vere semje departementa imellomom kommunen si i rolle ved planlegging og disponering av areal i sjø. Dersom desse forutsetningane kan oppfyllest er vi positive til at det vert utarbeida konkret og brukarvennlig rettleiingsmateriell til planmyndighet. Vedrørande naudsynt kunnskapsgrunnlag for slik planlegging, syner vi til rapportens pkt. 10.1 til 10.3.

Ekspertutvalet har levert eit solid og visjonært stykke arbeid. Vi ynskjer alle involverte departement og direktorat lykke til i det vidare arbeidet med å sikre bærekraftige rammer for norsk havbruk.

Med helsing

Harald Thune  
fylkesmann

Tone Ankarstrand  
overingeniør

*Saksbehandlar: Tone Ankarstrand*  
*Saksbehandlars telefon: 51 56 89 03*  
*E-post: tone.ankarstrand@fmro.no*

Vedlegg: Brev til Mattilsynet om soneforskrift for Ryfylke